

# STRANDA KOMMUNE

## SAKSPAPIR

### SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møte dato	Saknr
KOMMUNEPLANUTVALET KOMMUNESTYRET	02.07.2018	012/18

<b>Saksansvarleg:</b> Rådmann Åse Elin Hole		
<b>Saksbehandlar:</b> Inge Bjørdal	<b>Arkiv:</b> K2 - U01	<b>Arkivsaknr</b> 17/1629

### Strategisk næringsplan - planprogram

#### Rådmannen si tilråding:

- Stranda kommune godkjenner framlagt **planprogram** for *Strategisk næringsplan (SNP)* for *Stranda kommune*.
- Strategisk næringsplan (SNP) for Stranda kommune vert med heimel i PBL §§ 4-1 og 11-13 lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker.
- Rådmann/næringssjef får i oppdrag å finne representantar til arbeidsgruppa for SNP.
- Oppstart skal finansierast frå midlar til administrasjon av KNF. Finansiering av vidare arbeid skal leggjast inn i budsjett 2019.

### 02.07.2018 KOMMUNEPLANUTVALET

#### Møtebehandling

Tilråding til kommunestyret samrøystes

#### KPU- 012/18 Vedtak:

- Stranda kommune godkjenner framlagt **planprogram** for *Strategisk næringsplan (SNP)* for *Stranda kommune*.
- Strategisk næringsplan (SNP) for Stranda kommune vert med heimel i PBL §§ 4-1 og 11-13 lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker.
- Rådmann/næringssjef får i oppdrag å finne representantar til arbeidsgruppa for SNP.
- Oppstart skal finansierast frå midlar til administrasjon av KNF. Finansiering av vidare arbeid skal leggjast inn i budsjett 2019.

### SAKSUTGREIING

## Bakgrunn for saka

FOR gjorde 22.01.2018 følgjande vedtak (FOR 007-18):

- *Stranda kommune startar arbeidet med strategisk næringsplan i 2018.*
- *Prosjektgruppa skal ha representantar både frå kommunen/politikk, næringslivet, næringsorganisasjonar/næringsforeiningar og ungdomsråd*
- *Prosjektgruppa kan nemne opp ei referansegruppe dersom ein finn dette tenleg.*
- *Planen skal utarbeidast som ein **kommunedelplan** som skal reviderast for kvar valbolk eller etter behov*
- *Arbeidet skal i første omgang finansierast ved å bruke av dei midlane som kommunen set av til administrasjon av kommunalt næringsfond (5%).*
- *Ved positivt vedtak om oppstart av arbeidet med næringsplan skal det utarbeidast eit planprogram som skal ut på høyring etter regelverket i PBL.*

## Saksopplysningar

Når det er bestemt at planen skal ha status som kommunedelplan set det ein del krav til vidare sakshandsaming, m.a. at den må handsamast etter regelverket i PBL, og at den må ut på høyring.

## Vurdering

Administrasjonen legg hermed fram eit utkast til planprogram som må godkjennast for at administrasjonen skal kome vidare i arbeidet med planen (utlegg, høyringar osv.).

Saksutgreiar meiner framlegget til planprogram inneheld dei viktigaste problemstillingane som bør omfattast av ein strategisk næringsplan (SNP). Korleis det praktiske arbeidet med SNP skal leggjast opp (prosess) vil administrasjonen ta stilling til på eit seinare tidspunkt, men involvering frå næringslivet vil uansett bli høgt prioritert.

SNP skal munne ut i ein *handlingsdel* og vil dermed legge føringar for kommunen si sakshandsaming (m.a. innan areal- og tilskottsforvaltning).

Sakshandsamar meiner SNP i utgangspunktet skal gjelde perioden 2018-2030, slik at den korresponderer med ny kommuneplan som er under arbeid og som vil gjelde same periode. Men ein strategisk næringsplan bør reviderast kvar kommuneplanperiode.

Det er skissert ein (retteleiande) framdriftsplan i planprogrammet.

## Vedlegg:

**Dok.dato:**  
19.06.2018

**Vedlegg:**  
Planprogram pr. SNP\_endeleg

**Dok.ID**  
231549

## Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

- Plan- og bygningslova